

Årsmelding 2021

Arna Arbeidarpartilag

Styrer og utvalg for året 2021, valgt på årsmøtet i Arna Arbeidarpartilag 29. januar 2021:

Styret:

Leiar	Einar Salbu	2 år
Nestleiar	Kristin Akselberg	1 år
Styremedlem/kasserar	Marit Austnes	1 år
Styremedlem	John Brattåker	2 år
Styremedlem/sekretær	Kari Marie Nygard	2 år
Styremedlem/studieleiar/medlems- ansvarleg	Arild Grimstad Iversen	1 år
Styremedlem	Britt Torvund	2 år
1. varamedlem	Karina Indreane	1 år
2. varamedlem	Ousmane Kabo	1 år
3. varamedlem	Arvid Eide	1 år
4. varamedlem	Mona Angelskår	1 år
5. varamedlem		1 år

Ousmane Kabo melde seg ut av partiet våren 2021, han gjekk då ut av varamedlemslista og 3.dje og 4.de varamedlem rykte opp.

Revisor: Per Torvund 1 år

Revisor: Arvid Eide 1 år

Vara Revisor: Terje Brunborg 1 år

Tiltredende til styret:

Geir Dale fra bystyregruppa

Nils Gunnar Knutsen fra bystyregruppa

Kine Bratli Dale frå fylkestingsgruppa

1.mai komite: Styret, samt dei som styret har oppnevnt.

Representantar til representantskapet og årsmøtet i Arbeiderpartiet i Bergen:

Representanter:	Vararepresentanter:
Einar Salbu	Karina Indrearne
Kristin Akselberg	Ståle Nordøen
Marit Austnes	Kari Marie Nygard
John Brattåker	Arild Grimstad Iversen
Britt Torvund	Mona Angelskår
Arvid Eide	Nils Gunnar Knudsen
Kine Bratli Dale	Jarle Berntsen

I løpet av året kom det melding om at antall representantar med stemmerett frå laget vårt til rep.skapsmøter er redusert frå 7 til 6 basert på antall medlemmer. (pr. 01.01.21 var det registrert 89 betalende medlemmer i laget).

Arna Arbeidarpartilag har vore godt representert på alle møta i representantskapet.

Representantar til representantskapet og årsmøtet til Vestland arbeidarparti:

Representanter:	Vararepresentanter:
Geir Steinar Dale	Kari Marie Nygard
	Arild Grimstad Iversen
	Marit Austnes

Kvinneutvalget i Bergen:

Britt Torvund

Representantar i Fylkestinget:

Kine Dale, medlem - Fylkesutvalget og Hovedutvalg for næring, naturressurser og innovasjon.

Representantar i Bergen bystyre:

Geir Dale, medlem - Komité for miljø og byutvikling, komitéleiar

Nils Gunnar Knutsen, varamedlem - Utvalg for finans, kultur og næring

Karina Indrearne, varamedlem - Utvalg for helse og sosial

Styrerepresentant IS Kulturhuset Sentrum:

Geir Steinar Dale, medlem

Kine Bratli Dale, vara

Representantar til årsmøtet i IS Kulturhuset Sentrum:

Kristin Akselberg, Kine Bratli Dale og Geir Steinar Dale

Vara: Nils Gunnar Knudsen

Valgkomite:

Nils Gunnar Knutsen (leiar), Britt Torvund og Kine Bratli Dale.

Årsmøte 29.01.21.

Årsmøtet 2021 blei avvikla digitalt ved bruk av Teams. Endre Tvinnerheim, byråd for barnehage, skole og idrett i Bergen hadde politisk innleiing om skule- og barnehage-politikk og aktuelle saker innanfor idretts-sektoren. I debatten var det mange gode innlegg og både debattantane og byråden kom med ros og positiv uttale til dei tilsette i skule og barnehage for deira innsats nå i koronatida.

Vanlege årsmøtesaker blei og handsama og det blei gjennomført loddsalg ved hjelp av Vipps til inntekt for laget. Det blei ikkje gjennomført merkeutdeling på grunn av at møtet var digitalt.



1.mai arrangement:

Heller ikkje i 2021 fekk vi gjennomført tradisjonelt 1. mai-arrangement med prosesjon, taler, underholdning og barneleikar i Ytre Arna på grunn av korona-restriksjonane. Markering av 1. mai blei lagt opp på samme måte som i 2020 med flaggheising, kransnedlegging og samling av representantar frå styret i statueparken i Yre Arna.



Valgkamp - Stortingsvalg 2021:

Valgkamp for Stortingsvalg 2021 blei av dei viktigaste aktivitetane i 2021. Målet var å bytta ut sitjande regjering, og få ny kurs for landet med Jonas Gahr Støre som statsminister, og målet blei oppnådd! På grunn av korona-restriksjonar var det begrensa kva aktivitetar som kunne la seg gjere:

- Brosjyrer blei distribuert i postkassar i heile Arna-området
- Stand ved Osavatnet, utdeling av kaffi, saft og brosjyrer
- Deltaking i valgboden i sentrum
- Stand på Øyrane
- Bruk av facebook og heimesida til partilaget



Styremøter / medlemsmøter:

- Det blei gjennomført 8 styremøter i 2021 og 2 styremøter i jan. 2022, før årsmøtet. 3 styremøter var fysiske møter, mens dei andre møta blei gjennomført digitalt.
- Til styremøte 26.05.21 var byråd for arbeid, sosial og bolig i Bergen, Lubna Jaffery, invitert. Bakgrunn for møtet var å drøfta og utveksla informasjon om at mange tenestetilbod for folk i Arna er i ferd med å bli flytta til Åsane til «Familiens hus». Styret og byrådet hadde ein god og konstruktiv debatt.
- Medlemsmøte / folkemøte på Ådnamarka skule 17. november 2021. Tema for møtet: «Kva vil DU med Arna ?» Innleiarar var byrådsleiar Roger Valhammer og prosjektsjef for Millarium Bolig AS og repr. For Storanaset Eiendom, David Bendiksen, supplert av leiar for arbeidarpartiet i Bergen og arnabu, Geir Steinar Dale.

Andre aktiviteter:

- Markering av at det er 10 år sidan 22. juli 2011. Deltaking og apell ved minnegudsteneste i Arna kyrkje.
- Deltaking og minneord i gravferda til Jakob Selbak, som har vore medlem i arbeidarpartiet i 76 år.
- Juleavslutning for styret 17.12.21 blei avlyst p.g.a. koronasituasjonen. Marit og Kristin gjorde likevel ein stor innsats og laga julekort, slik at alle medlemmer fekk julekort i år også.
- I november feira Kulturhuset Sentrum 75-års-jubileum. Ved jubileumsmiddagen 26.11.21 var Geir konferansier og Einar og Britt var gjester på vegne av Arna arbeidarpartilag. Nokre frå styret stillte og som vakter ved jubileums-konsertane som blei arrangert.



Konklusjon:

Pr. 31.12.2021 hadde vi 93 medlemmer (6 ubetalte), litt lavare enn i 2020. Nokon har aktivt meldt seg ut, samtidig som vi har fått nokon nye medlemmer i laget. Styret har fokus på og vil jobba vidare med medlemsutvikling.

2021 var også eit år prega av koronapandemien og sosial distanse, store deler av året. Dei kjente aktivitetane måtte vika og mesteparten av møta blei digitale. 2022 har og starta med restriksjonar og begrensningar, men styret håpar at det vil bli mogleg med fysiske samlingar i løpet av året.

Styret takkar for tilliten i 2021.

ARNA ARBEIDARPARTILAG, den 13.01.22
v/styret

Einar Salbu
leiar